



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Maritim og teknisk komite
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	27.03.2017
<b>Tid:</b>	15:00 - 16:00

---

### Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Olaug Andreassen	Medlem	AP

---

### Forfall:

Anja Pedersen	MEDL	FRP
Runar Stave	NESTL	AP
Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK/SP

---

### Varamedlemer som møtte:

Camilla Storøy	Anja Pedersen	KRF
Hans Sande	Frank Roy Moltu	FOLK/SP

---

### Andre:

Planleggar Ole Magne Rotevatn  
Planleggar Tanja Rafteseth

Til å skrive under protokollen saman med eiaren vart desse valde:  
Camilla Storøy og Marthe Vågsholm Sævik

### Orienteringar:

Planleggar Tanja Rafteseth orienterte om trafikktryggingsplanen.

Desse innspela hadde Maritim og teknisk komite til trafikktryggingsplanen:

- Ein bør sjå nærare på busslomme ved krysset mot Lisjebøvegen (ved kyrkja). Gjeld busslomme i retning mot Myklebust.

- Ein bør sjå nærare på fortau frå Sparebanken Møre oppover mot Skarabakken for å binde saman fortausnettet.
- Ein bør vurdere å stenge porten ved Leikong kyrkje som går ut i fylkesvegen.
- Ein bør sjå nærare på alle skuleområder med omsyn til å separere biltrafikk/parkering og mjuke trafikantar.
- Sjå nærare på HC-kryssing ved parkeringsplassen ved kulturhuset/badeland.
- Med omsyn til tiltak 12 i planen bør ein vurdere å få inn lysetjing på heile strekket frå Dragsundbrua til tunellen.
- Med omsyn til tiltak 7 må tekst endrast til «frå gamlevegen til Nygjerdevegen»

Camilla Storøy

Idar Tarberg

Marthe Vågsholm Sævik

---

underskrifter

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 21/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 22/17	Protokoll frå førre møte.
PS 23/17	Delegerte saker
PS 24/17	Referatsaker
PS 25/17	Sølvi Hestholm 44/79 - Utlekking av flytebrygge
PS 26/17	Frode Kvalsvik - 33/100 - søknad om dispensasjon frå krav om regulering før bygging, jf § 5 i RP Fosnavåg Hamn - planid 201263

## **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 58/17 Mellombels bruksløyve - tilbygg 37/222
- DS 59/17 Ferdigattest 80/30 seksjon nr og 2
- DS 60/17 Ørjan Gjelseth - 34/87 og 94 - Innreiing av loft
- DS 61/17 Søknad om ferdigattest
- DS 62/17 Ferdigattest bruksendring 3/71
- DS 63/17 Liv Lillebø Dahl - 10/22- tilbygg
- DS 64/17 Ferdigattest 46/88 seksjon 1 og 2
- DS 65/17 Mellombels bruksløyve - seksjon nr 2 og 14 - bustadblokk 31/189
- DS 66/17 Coop Marked Tjørvåg - 54/72 - tilbygg 15m2
- DS 67/17 Jonas Balkevicius - 34/245 - Rehabilitering skorstein
- DS 68/17 Per Christian Siem - 87/6- Igangsettingsløyve
- DS 69/17 Geir Fritz Myklebust - 31/188 seksjon nr 3 - Fasadeendring
- DS 70/17 Annfrid Johanne Lødemel - 3/71 - Bruksendring frå bolig til fritid
- DS 71/17 Guttorm Berge - 27/89 - tilbygg
- DS 72/17 Mellombels bruksløyve - 26/164 - Einebustad
- DS 73/17 Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS - 34/123 - Nedgravd avfallsløysing
- DS 74/17 Henry Berge - 34/36 - tilbygg garasje med takterrasse
- DS 75/17 Ferdigattest garasje - 17/15
- DS 76/17 Sputnik as - 59/48 og 68 - Igangsettingsløyve 2
- DS 77/17 Gullik Kjellstadli - 29/74 - Garasje
- Referatsaker
- RS 5/17 Aasmund Torvik gnr. 53 bnr. 13 - frådeling av 3 bustadtomter

## **PS 21/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

## **PS 22/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 23/17 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 24/17 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 25/17 SØLVI HESTHOLM 44/79 - UTLEGGING AV FLYTEBRYGGE**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 27.03.2017**

1. Maritim og teknisk komite (MTK) gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå strandsonevernet i pbl § 1-8 og frå plankravet i kommuneplanens arealdel, for etablering av flytebrygge på gnr 44 bnr 79.
2. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-4, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, jfr § 20-4, datert 08.09.16.

MTK gjev løyve til etablering av landfeste med sikte på utlegging av flytebrygge, slik det er søkt om og etter innsendt søknad og situasjonsplan dater 08.09.16.

3. MTK vedtek med heimel i havne- og farvasslova § 27 at det vert gjeve løyve til utlegging av flytebrygge på gnr 44 bnr 79.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

## **PS 26/17 FRODE KVALSVIK - 33/100 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KRAV OM REGULERING FØR BYGGING, JF § 5 I RP FOSNAVÅG HAMN - PLANID 201263**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 27.03.2017**

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, gjev Maritim og teknisk komite dispensasjon frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging av nytt tilbygg på gnr 33, bnr 100.

#### Vilkår:

Dispensasjonen er gitt på vilkår om at tilbygget vert utført i samsvar med TEK10 § 7-2.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at tilbygget er tenkt oppført der det i tidlegare tider stod eit bygg og plassering inn mot eksisterande hovudbygg vil ikkje vere til hinder for anna utvikling i området. Det er ingen kommentarar frå naboar eller særskilte merknader regionale mynde til saken.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29*

**MØTET SLUTT!**